



Fylkesmannen i  
Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
27.06.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/9188 330  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,  
Postboks 8112 Dep.,  
0032 Oslo

## **Register for godkjenning og kontroll - ROBEK**

Fylkesmannen vil med dette brevet gi eit oversyn knytt til registeret for godkjenning og kontroll, jf. kommunelova paragraf 60. I Hordaland er det no ingen kommunar i registeret.

Bømlo kommune (kommunenummer 1219)

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2013 med kr. 3,4 mill. Det attståande meirforbruket er dekt inn i rekneskapen for 2015.

## *Kvam herad (kommunenummer 1238)*

Kommunen hadde eit netto driftsunderskot i rekneskapen for 2015 med kr. 21,1 mill. Det svake resultatet for 2015 har delvis samanheng med lågare avgifter innan VAR - sektoren for å redusera bundne fond innan denne sektoren. Lågare avgifter enn utgifter innan VAR - sektoren utgjer om lag kr. 9 mill. av samla netto driftsunderskot i 2015.

Netto driftsunderskot for 2015 er i rekneskapen dekt inn med bruk av disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er difor i stor grad redusert i rekneskapen for 2015.

## *Fusa kommune (kommunenummer 1241)*

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2014 med kr. 1,4 mill. Kommunen hadde eit mindreforbruk i rekneskapen for 2015 med kr. 2.986.000,-. Fylkesmannen har i tilbakemelding til kommunen lagt til grunn at rekneskapsoverskotet for 2015 blir nytta til å dekka inn rekneskapsunderskotet frå 2014.

## Samnanger kommune (kommunenummer 1242)

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2014 med kr. 1,59 mill. Kommunen hadde eit nytt meirforbruk i rekneskapen for 2015 med kr. 1,0 mill. Akkumulert meirforbruk ved utgangen av 2015 er på denne bakgrunn i underkant av kr. 2,6 mill. Dersom ikkje meirforbruken frå 2014 blir dekt inn i rekneskapen innan utgangen av 2016, vil kommunen bli registrert om eit år.

## *Radøy kommune (kommunenummer 1260)*

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2014 med i overkant av kr. 4,6 mill. Kommunestyret har vedteke å nytta av disposisjonsfondet til å dekka meirforbruket frå 2014. Disposisjonsfondet vart etter dette redusert til eit lågt nivå.

Kommunen hadde eit mindreforbruk i rekneskapen for 2015 med kr. 3 ¼ mill. Fylkesmannen har i tilbakemelding til kommunen lagt til grunn at mindreforbruk for 2015 og netto driftsoverskot for 2016 blir nytta til å bygge opp att disposisjonsfondet.

Austrheim kommune (kommunenummer 1264)

Kommunen hadde eit meirforbruk i rekneskapen for 2014 med i overkant av kr. 5,1 mill. Kommunestyret har vedteke å nytta av disposisjonsfondet til å dekka meirforbruket frå 2014. Kommunen har nesten ikkje noko disposisjonsfond igjen etter dette.

Kommunen hadde eit nytt meirforbruk i rekneskapen for 2015, kr. 7,9 mill. Kommunen vil bli registrert dersom ikkje meirforbruket frå 2015 blir dekt inn innan utgangen av 2017.

Dersom kommunen ikkje faktisk gjennomfører inndekning av meirforbruk frå 2015 med minst budsjettet beløp i 2016, vil kommunen bli registrert om eit år.

Oppsummering

Ingen kommunar i Hordaland blir registrerte no.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Gjenpart til:  
kommunane Bømlo, Kvam, Fusa, Samnanger, Radøy, Austrheim

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*